

Stormen stilt i travel haust-start

31.08.2015



Frammøtet kunne ha vore betre då sundagsskulen opna haustsesongen i bedehuset ikveld, men slik er det gjerne i starten. Leiaren av sundagsskulen i distriktet, Elisabeth Fauskanger, var på plass og hadde fleire roller denne kvelden. På biletet over sit ho nummer 2 frå høgre og er med og stillar stormen på Genesaret sjø! Seinare på kvelden

leia ho eit inspirasjons-seminar for alle sundagsskulane i Kvinnherad og det er ikkje færre enn 8. Dei er noko varierande organisert - til dømes har Rosendal kor. Det burde også Uskedalen hatt, tykkjer Nelly Kjærland.

Ho leiar fleire opplegg i bedehuset utover hausten, sundagsskuleopplegget er annakvar måndag og er laga etter same leisten som dei siste åra, utifrå gullivergjengen og tårnagentane. Samlingane denne hausten vert imidlertid mest i ei gruppe og med oppdrag og aktivitet etter alder. Leiarar er i tillegg til Nelly Joacim Snilstveit, Niklas Lakslev, Trude Skogtun og Jon Harald Skogtun.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen